

Til alle som brukar Bømlo folkehøgskule

Bømlo folkehøgskule vil vere ei miljøfyrtårnverksemd. Derfor er det viktig at alle som brukar skulen på kveldstid og i helgene er informert om skulen sine miljøreglar, og følgjer dei.

Avfall

På Bømlo folkehøgskule sorterer vi søppelet. Bruk miljøstasjonane rundt omkring på skulen.

På kvart internathus er det ei bossbøtte for restavfall, ei bossbøtte for matoavfall (bio) på kjøkkenet og ein kasse til papir i kroken på fellesstova. Flasker til panting går til solidaritetsprosjekta til skulen, og står i gangen på husa. EL-avfall (batteri, ledningar, lyspærer, gamle mobilar m.v.) skal leggjast i dei svarte dunkane, som står utanfor inngangsdøra til annakvart hus. Glas og metall skal også leggjast i desse svarte dunkane.



Utanfor husa er det plassert fira dunkar. Ein for restavfall (svart lokk), ein for papir (blått lokk), ein for matoavfall(bio brunt lokk) og ein for plast (svart lokk).

Ver grei ikkje å kaste andre ting i dunkane, enn det som skal vere der. Det same gjeld for den raude dunken, som berre skal innehalde sneipar etter røyking. Det skal ikkje kastast anna avfall i denne dunken, sidan det kan føre til brann!

Skal de kaste større ting, til dømes pappesker eller restavfall, kan de bruke containerane nede ved skulen. Det er ein container for restavfall og ein for papir. Utanfor kjøkkenet er dunkane med brunt lokk til bioavfall, medan dunkar til glas, plast og metall er merka.

ENØK-tiltak (lys, varme osv.):

Ver grei å slå av lyset når du går frå eit rom.

Luft ut raskt, og ikkje la vindauget stå ope over lang tid medan omnen står på.



Diverse

Regntøy skal hengjast på knaggjar i gangane eller i garderobane bak gymsalen.

Røyking skal berre skje i røykeskuret, som er plassert mellom kjøkkenet og parkeringsplassen.

Kast snusposen i restavfallet og ikkje ute i naturen.